



SØKNAD OM REDUKSJON I FORELDREBETALING – SFO

For rettleiing, sjå neste side. Hjelmeland kommune vil kunne kontrollere opplysningane ved aktuelle instansar.

PERSONALIA	Namn	Personnummer	
Foreldre/Føresett 1:			
Foreldre/Føresett 2 /sambuar: (med lik adresse som føresett 1 og barn)			
Barn i familien med SFO-plass	Namn	Personnummer	Opphaldstid på SFO
Barn 1:			
Barn 2:			
Barn 3:			
Barnet/barna si folkeregistrerte adresse:			
Namn på skulen:			

Inntekt	Føresett 1	Føresett 2/ sambuar	Vedlegg/dokumentasjon
Samla skattepliktig person- og kapitalinntekt (jfr. sjølvmelding)	Kr:	Kr:	Dokumenterast ved sjølvmeldinga frå det siste året. Har du ikkje sjølvmltd, eller har endra inntekt? – sjå rettleiing på baksida.
Har hushaldet anna skattepliktig inntekt som ikkje kjem fram gjennom sjølvmeldinga? (t.d. skattepliktige stønader frå NAV, utbetalingar frå private forsikringsordningar, leigeinntekter e.l.) – Viss ja, før opp årsbeløpet:	Ja (kryss av) Nei ☐ ☐	Ja (kryss av) Nei ☐ ☐	Viss ja, dokumenter ved oppdatert stadfesting frå NAV, eller frå vedkomande utbetalingsinstitusjon, evt. anna dokumentasjon.
	Kr:	Kr:	
TOTALSUM INNTEKT PR. ÅR:	<u>Kr:</u>	<u>Kr:</u>	

Opplysningane som er gitt er fullstendige og korrekte, og all nødvendig dokumentasjon som stadfestar opplysningane over er lagt ved denne søknaden. Eg/me stadfestar at husstanden har lest og forstått rettleiinga til dette skjemaet, og eg/me har vorte forklart eventuelle uklarheiter. Eg/me er klar over at feilaktige opplysningar vil føre til full sats ved SFO-betaling, og krav om etterbetaling av feilaktig reduksjon.

Dato

Stad

Underskrift føresett 1

Underskrift føresett 2/ sambuar



RETTELEIING TIL SØKNAD OM REDUSERT FORELDREBETALING I SFO

Kommunal ordning for reduksjon i foreldrebetaling (innført av kommunestyret gjeldande frå 01.01.17)

Ordninga skal sikre at inga hushald skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si for ein SFO-plass (opphald). I 2018 vil dette gjelde for hushald som har ein samla årleg inntekt lågare enn 465 000 kr, sett ut i frå den høgaste satsen på opphald (over 14 timar) på kr 2 790,-. Foreldrebetalinga bereknast ut frå hushaldet si samla skattepliktige person- og kapitalinntekt. Eks: *brutto årsinntekt kr 350 000 * 6 % = kr 21 000 per år. Med 10 betalingsmånadar vert betalingssatsen kr 2 100 per måned.* Ved søsken på SFO er det 25 % søskenmoderasjon f.o.m. 2. barn.

Som eit hushald reknast ektefellar, registrerte partnarar og sambuarar. Som sambuarar reknast to ugifte personar over 18 år som bur saman, og som har budd saman i eit ekteskapsliknande forhold i minst 12 av dei siste 18 månadane, eller har felles barn. Er foreldra skilt og barnet bur fast hos begge foreldra, skal foreldrebetalinga bereknast ut frå inntekta i hushaldet der barnet er folkeregistrert.

Dokumentasjon som må leverast med søknaden

Sjølvmeldinga frå det siste året skal leggjast ved søknaden som dokumentasjon. Sjølvmeldinga vil normalt innehalde dei fleste skattepliktige person- og kapitalinntekter (aktuelle postar: 1.6, 1.7, 2.1, 2.2, 2.4, 2.8 og 3.1). Dersom noko ikkje er registrert på sjølvmeldinga av skattepliktig person- og kapitalinntekt, er søkjar pliktig å opplyse om det i søknaden. Ved vesentleg endring i inntekt i forhold til siste året si sjølvmelding, eller ved endring i løpet av skuleåret, skal søkjer leggje fram ei stadfesting frå arbeidsgjevar/evt. andre instansar over brutto inntekt per måned, samt lønsslipp frå siste måned. Dette gjeld og for dei som ikkje har ein sjølvmelding, t.d. som følgje av kort butid i landet.

Frist for innlevering av søknad m/dokumentasjon er 1. juni kvart år, for at reduksjonen skal tre i kraft frå nytt skuleår. Redusert sats vert i utgangspunktet innvilga for eitt skuleår (haust/vår), under føresetnad av at hushaldet sitt inntektsforhold er uendra i perioden. **Ein må søkje på nytt kvart skuleår viss ein framleis har grunnlag for redusert sats.** Dersom kommunen ikkje får ny søknad m/dokumentasjon frå hushaldet, vil SFO-opphaldet neste skuleår automatisk bli fakturert med full sats.

Dersom eit hushald får vesentlege endringar i inntekt i løpet av skuleåret, eller eit barn byrjar på SFO midt i året, kan hushaldet likevel søkje utover den fastsette fristen ovanfor. Reduksjon kan då innvilgast frå og med påfølgande måned. Då vil det ikkje bli gitt reduksjon med tilbakeverkande kraft. Dersom den påfølgande måned allereie er fakturert, skal faktura betalast sjølv om reduksjon innvilgast.

Dersom hushaldet sitt inntektsforhold endrar seg slik at det kan ha betyding for fastsetting av reduksjonen, skal dette meldast til Hjelmeland kommune v/oppvekst, sjølv om det er innanfor ein allereie innvilga periode. Dette kravet gjeld både dersom inntektsendringa vil medføre større, mindre eller bortfall av reduksjon. Dersom inntektsendringar ikkje meldast, vil dette bli oppfatta som feilaktige opplysningar. Me gjer merksam på at feilaktige opplysningar om hushaldet sitt inntektsforhold vil føre til fakturering av full sats og at kommunen kan krevje etterbetaling dersom hushaldet feilaktig har fått reduksjon.

Hushaldet er sjølv ansvarleg for å: setje seg inn i rettleiinga, ta kontakt for å få forklart uklare forhold og gje fullstendige og korrekte opplysningar samt nødvendig dokumentasjon.

Kontaktperson i kommunen er oppvekstrådgjevar Ann-Cathrin Berge Kleppa:
tlf. 40439177, e-post: ann-cathrin.berge.kleppa@hjemmeland.kommune.no

Underskrevet søknad, med vedlegg, sendast til:

Hjelmeland kommune, Oppvekst, Vågavegen 116, 4130 Hjelmeland.